

Til naboar og høyringsinstansar

Søfteland 29 april 2021

## **Nabovarsel til reguleringsplan FvR206, Ekerhovd-Li, Utviding (46,47,48). Søknad om endring av reguleringsplan etter forenkla prosess i samsvar med pbl § 12-14**

I samsvar med plan- og bygningslova §12-14 vert det med dette varsla at Per Ekerhovd har utarbeidd framlegg til en mindre endring for del av reguleringsplan **58 RP FvR206, Ekerhovd-Li, Utviding (46,47,48)** i Øygarden kommune. Akons AS er plankonsulent.

Gjeldande reguleringsplan **58 RP FvR206, Ekerhovd-Li, Utviding (46,47,48)** vart godkjent 08.12.1994 med planidentifikasjon 124619940004.

Endring gjeld for ca. 110 meter av Ekerhovdvegen som i dag er FV5234. Ein regulerer inn etablert avkøyrse til 46/2 i samsvar med bygd situasjon. Avkøyrse er godkjent, men var bygd like etter at reguleringsplanen var ferdig, og kom difor ikkje med i planen. Ein ønsker no å opna for utvida bruk på inntil ÅDT 50, og regulerer difor inn avkøyrse med tilhøyrande frisktssone.

Viktigaste endring i kart er at ein viser avkøyrse over det som har vert regulert som «anna vegareal» i eldre plan, og at ein regulerer frisktssone med tilhøyrande omsynssone. Det er utarbeidd føresegn på ny mal.

Viser til vedlagt forslag til *Søknad om mindre reguleringsendring Jf. plan- og bygningslova (PBL) § 12-7*. Søknad er gjort på kommunen sin mal. Komplette søknad skal og innehalde oversikt over innkomne fråsegn eller merknader, og skjema vert difor oppdatert etter nabovarsling. Om det ikkje kjem inn vesentlege merknader kan kommunen vedta endring i planen.

Vedlagt er forslag til nytt plankart og føresegn. Søknad om endring med vedlegg er og å finne på akons.no

På grunn av coronaviruset vert det ikkje noko informasjonsmøte om endringane. Er det spørsmål til planframlegget er de velkomne til å ta kontakt med underteikna på tlf. 980 98 397 eller med e-post til [even@akons.no](mailto:even@akons.no)

Innspel eller merknader til planarbeidet sendast til:

Akons AS, pb. 21, 5207 Søfteland, eller som e-post til: [even@akons.no](mailto:even@akons.no)

Alle innspel og merknader vil følge planforslaget når det leverast til kommunen.

**FRIST FOR MERKNADER ER: 30.05.2021**

Med venleg helsing

Even Akerø, Dagleg leiar Akons AS